



ÅRSMELDING 2019

Generelt.

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom fylka Rogaland og Vestland.

Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv / turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har fram til hausten/vinteren 2019 hatt riksvegstatus på strekninga Sandnes - Røldal – Røldal/Jøsandal (saman med E 134) - Jøsandal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik – Gaular - Moskog/Førde. Frå hausten 2019 gjeld at strekninga Stavanger – Sogndal sentrum er Rv 13.

Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde - Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal – Oanes (Forsand) med to alternative strekningar gjennom Ryfylke. Frå hausten 2019 går Rv 13 inn til Sogndal. Frå 30.12.2019 går Rv 13 frå Solbakk i Strand via Ryfylketunnelen inn til Stavanger.

Vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013

Vedtekter for eit revitalisert Fjordvegen Rute 13 vart vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her er føremåla:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord-Jæren til Sunnfjord.

Føremålet er følgt opp med ein årleg revidert treårig Handlingsplan med desse måla:

- Fjordvegen Rute 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemdar til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Riksveg/Fylkesveg 13.
- Fjordvegen Rute 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.

Handlingplanen er følgt opp med to årleg reviderte tiltaksplanar.

Vedtektene vart revidert under årsmøtet 2019 på basis av regionreforma, og er gjeldande f.o.m. 2020.

Styret 2019:

Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolck. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av

organisasjonen.

Styret har i 2019 halde 6 styremøter og handsama 31 saker i tillegg til Årsmøtet 2019 som vart halde på Hotel Ullensvang den 03.04.2019.

Nytt styremedlem frå Rogaland fylke tiltrådte frå hausten 2019. Nytt styremedlem frå Vestland fylke er oppnemnt av Vestland fylkesting i mars 2020.

Styret har årleg invitert eksterne innleiarar i møta, m.a. frå Statens vegvesen.

Styret i 2019:

Gerd Helen Bø, Suldal kommune - leiar
Sigbjørn Hauge, Voss kommune - nestleiar
Morten Midlang, Vik kommune
Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune
Roald Aga Haug, Odda kommune

Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Marta Finden Halset, Vik

2015/2019 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Arne Bergsvåg, Rogaland fylkeskommune varamedlem: Svanhild Løge Skålheim
Marthe Hammer, Hordaland fylkeskommune varamedlem: Gard Folkvord
Arnstein Menes, Sogn og Fjordane fylkesk. varamedlem: Harald Bjarte Reite

Valnemnd 2020: Hans Erik Ringkjøb (leiar), Frode Bøthun, Kari Vaage Gjuvslund.

Administrasjon:

Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet IKS. Dagleg leiar i Hardangerrådet IKS Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.

Seniorkonsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 - 30.09.2021.

Tilsetjingsavtale med konsulent Hanne Sundbø er gjort for 2 år om gongen, og denne er i 2019 fornya for perioden 1.10.2019 – 30.09.2021.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2019.

Medlemskap

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.

Ved utgongen av året 2019 har selskapet 13 kommunar, 3 fylkeskommunar, 2 regionråd, 4 næringsforeningar, og 13 verksemder/stiftingar som medlemar:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Odda kommune	Opheimsgt.31	5750 ODDA

Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Ullensvang herad		5780 KINSARVIK
Voss kommune	PB 145	5701 VOSS
Balestrand kommune	Rådhuset	6899 BALESTRAND
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks		4130 HJELMELAND
Vik Næringssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Ullensvang Reiseliv	Pb 73	5782 KINSARVIK
Suldal Næringsforening	Sandsvegen 134	4230 SAND
Hardanger Industri	Smelteverket 57	5750 ODDA
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Felleskjøpet Rogaland Agder SA	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby		5713 VOSSESTRAND
MOWI ASA	Hundsnesveien 151	4130 HJELMELAND
Hotel Ullensvang		5781 LOFTHUS
Blix hotell	Sentrumsgata 44	6891 VIK I SOGN
Lofthus Auto	Lofthus	5781 LOFTHUS
Energiselskapet Hardanger AS	Postboks 33	5782 KINSARVIK
Eidfjord Invest AS	Lægreidsvegen 7	5783 EIDFJORD
Mass Hus AS	Postboks 13	5782 KINSARVIK
NorStone AS	Lundarneset	4134 JØSENFJORDEN
Fjordtinds Hotels	Bekkjarvikveien 104	5114 TERTNES
Kinsarvik Camping		5780 KINSARVIK

Kontingent 2019 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Fylkeskommunar	kr 85.000

Eksterne endringar som påverkar selskapet frå årskiftet 2019/2020:

1. I sør er Stavanger nytt endepunkt frå 30. desember 2019 då Ryfylketunnelen opna . To kortare tunnelar på Stavanger-sida skal opnast i mars 2020 for å gjera Ryfast-anlegget komplett.

2. I nord er Rv 13 lagt om og har fått ny trase som riksveg frå ferjeleiet Hella nord for Sognefjorden og austover til Sogndal, senter i nye Sogndal kommune. Tidlegare Balestrand og Leikanger kommunar inngår i den nye storkommunen.

3. Vestland fylke er skipa og Rv 13 får ein viktig funksjon som samanbindingsveg for indre del av dette storfylket. Styret blir og redusert med ein medlem utfrå dette. Det fysiske midtpunktet i Vestland fylke er også oppe på Vikafjellet. Utfordringa knytt til hyppig stenging av Vikafjellet aukar.

Kort om arbeid i selskapet i 2019

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Rute 13 arbeid i høve revisjon av NTP og oppfølging av det årlege Handlingsprogrammet til NTP. Påverking for å få fokus på prosjekt langs Rv 13 er prioritert. Det er arbeid mot politisk nivå for å få finansiert og igangsett viktige prosjekt.

Nye større veganlegg langs Rv 13 med arbeid i 2019.

Veg/tunnel for strekninga Vik – Vangnes: pågår
Hydrogenelektrisk ferjedrift – Hjelmeland – Nesvik, utbygging av anlegg her pågår frå hausten 2019

NTP 2018 - 2029 Prioritering frå Fjordvegen Rute 13:

Fokuset i arbeidet frå Fjordvegen Rute 13 i 2019 er basert på styret sitt samrøystes vedtak til høyringa til revidert NTP i 2017. Prioriterte tiltak for Rv13 gjennom alle 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Denne lista er:

- | | | |
|-----------|--|----------------------------|
| A. | Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte: | |
| | 1. Rv 13 Vikafjellstunnelen | Hordaland/Sogn og Fjordane |
| B. | Sikra særst rasutsette vegparsellar: | |
| | 1. Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane | Rogaland |
| | 2. Rv 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen | Hordaland |
| | 3. Rv 13 Odda – Tyssedal | Hordaland |
| C. | Trafikksikringstiltak: | |
| | 1. Rv 13 Kinsarvik – Bu | Hordaland |
| D. | Sikra øvrige rasutsette vegparsellar | |
| | 1. Rv 13 Melkeråna – Årdal (lang tunnel) | Rogaland |
| | 2. Rv 13 Kvassdalen | Hordaland |
| | 3. Rv 13 Oddadalen | Hordaland |
| | 4. Rv 13 Lovra – Lovraeidet | Rogaland |

Etter Stortingsvedtaket for NTP som gav lite uttelling for rassikring langs Fjordvegen, har styret intensivert arbeidet i høve neste NTP-revisjon.

Travel like the locals – Kollektivprosjektet for auka turisme

Fjordvegen Rute 13 tok etter Dialogkonferansen 2016 på Hotel Ullensvang opp tråden med eige prosjekt etter FRAM Møre og Romsdal si orientering om «Travel like the locals». Arbeidet i 2019: presentasjon av prosjektet v/prosjektleder Marit Holen på årskonferansen Planlegging av felles prosjekt starta i 2018. Innleigd prosjektleder frå FRAM, Marit Holen starta opp prosjektet f.o.m. januar 2019. Prosjektet er basert på samarbeid med kollektivselskapa og destinasjonsselskapa i dei tre fylka, og første teststruter blei testa i dei tre fylka sommaren 2019.

Uttalar

Fjordvegen Rute 13 har i 2019 kome med slik uttalar:

Uttale til Samferdselsdepartementet vedr. krav om nasjonal rassikringsplan som 1. prioritet i NTP 2022 - 2033

Sommarsesongen 2019 avdekkja store trafikale problem med kork, kaos og køar på Rv13 gjennom Hardanger. Dette var grunnlag for lesarinnlegg med tittelen “RV13 - smertegrensa er nådd” som vart sendt til fleire lokalaviser.

Handlingsplan 2019 – 2021: oppfølging:

Nokre tema har vore særskilt jobba med i 2019:

Profileringsarbeidet:

Konsulent Hanne Sundbø har vidareført innsatsen hovudsakleg med profilering, presentasjonar og selskapet sin årskonferanse.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost 3-4 gongar/år fortel om nytt frå styrets arbeide og større prosjekt samt det som skjer rundt Rv/Fv 13 i media og frå vegselskapet og medlemmane. Trass i innføring av GDPR-regelverket, held interessa seg for nytt frå Fjordvegen, og lesartala er høge.

Sosiale media har fått eit omfattande fokus. **Facebook-profilen** blir som oftast oppdatert fleire gongar kvar veke med generelt nytt om samferdsel i Fjordveg-regionen, spesifikke rasproblem samt medlemsnytt. Rundt 660 følgjarar hadde profilen ved årsskiftet. Tal innlegg varierer mellom 20 – 40 pr månad, oftast med god respons og kommentarar.

Instagram-profilen vert brukt til spreiding av informasjon med fotos frå utfordringar langs vegen, og informasjon frå faglege og politiske arrangement Fjordvegen Rute 13 deltek i.

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som informasjonsstad for alle eksterne brukarar. Ytringar frå nærings-medlemmer er presentert samt større prosjekt som Fjordvegen Rute 13 er engasjert i.

Årskonferansen sirkulerer mellom dei tre fylka og aukar i deltaking år for år. Det er mål om at årskonferansen skal vera eit av dei viktigaste fundamenta for selskapet sitt eksterne virke. Ambisjonane er å setja agenda, ha gode innleiingar og brei, sentral politisk deltaking som gjer det attraktivt for medlemmane å delta, samt skapa ein god arena for samferdsel og samfunnsdebatt, påverknad og relasjonsbygging. Konferansen fyller eit behov for ein arena på tvers av tre fylkesgrenser, fagmiljø, næring og politikk som ingen andre tilbyd.

Årskonferansen 3. april 2019 på Hotel Ullensvang hadde overskrifta **Fjordvegen fram til revidert NTP** og sette fokus på desse tema:

Reiseliv: Ryfast opnar i år: Dei store attraksjonane som trafikkdrivarar.
Travel like the locals (kollektivtransport tilrettelagt for turistar) i heile Fjord Norge

Samferdsel: Klimafare og rassikring – Fjordvegen som del av den klimarobuste infrastrukturen?
Samfunnsøkonomisk lønsemd: dei store prosjekta rundt byane i høverassikringstiltak og trygg, eksisterande veg i distrikta.
Revisjonen av NTP 2022 – 2033, kva skjer? Politiske blick på prosessen

Det var 19 eksterne innleiarar og debattantar, m.a. statssekretær og fire Stortingrepresentantar, og over 75 deltakarar totalt frå heile Fjordveg-regionen. Konferansen fekk god pressedekning, sluttdebatten vart filma og ligg saman med mange av innlegga på fjordvegen.no.

Medlemspleie, NTP og rekruttering:

Kontakt mot medlemmer:

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019, vart kommunar og fylke raskt kontakta for god kontakt med nye politikarar og å få lokale informasjonsmøte med mål om å oppnå felles fokus og uttalar til revidert NTP vedk. rassikring for Rv 13.

Medlemmane har vore aktivt trekt med der det har vore naturleg i samband med lokale møte og aktivitet. Det er i løpet av 2019 kome til heile åtte nye næringsmedlemmer.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine egne prosjekt.

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2019 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice AS og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Rekneskapen for 2019 viser at selskapet hadde driftsinntekter på 896.710 kr og driftsutgifter på 936.664 kr. Driftsresultatet er på -39.954 kr. Renteinntekter er på 3.268 kr. Dette gjev eit ordinært årsresultat på -36.686 kr.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2018 er negativ på -3.028 kr. Føresetnaden om fortsatt drift iht. rekneskapslova §3-3 er likevel lagt til grunn ved avlegging av rekneskapen. Styret vil gjera tiltak som vil gje selskapet ein forsvarleg eigenkapital i framtida.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærtenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks. Jostein Eitrheim er dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 i 2019.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 5 menn og 3 kvinner og varamedlemmene i styret er 3 menn og 3 kvinner.

Miljø.

Fjordvegen Rute 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 25.05.2020

.....
Gerd Helen Bø
styreleiar

.....
Sigbjørn Hauge
nestleiar

.....
Irene Heng Lauvsnes
styremedlem

.....
Roald Aga Haug
styremedlem

.....
Morten Midlang
styremedlem

.....
Kristoffer Amdal
styremedlem

.....
Toralf Mikkelsen
styremedlem

.....
Jostein Eitrheim
dagleg leiar